20 mål skal klargjerast på Børnes

10.06.2011



Dette er planen som vart presentert for politikarane i formannskapet

Kommuneadministrasjonen har no ein plan for klargjering av 20,5 mål tomteområde på Børnes, opplyste Jarle Fosssheim i siste formannskapsmøte. Det er området frå fylkesvegen og langs vegen ned mot kaia.
Fossheim brukte utrykket Mini-Heiane og samanlikna då med Stord..

Planen går ut på å sprengja ut og planera heile det aktuelle område ned til kote 17,5 opp mot fylkesvegen og kote16

ned mot dei områda som andre eig.

Det skal så plastrast rundt og leggjast til rette med vegar før sal til interesserte for ein pris på 400-500 kroner pr. kvadratmeter. Steinen som tas ut kan nyttast til Oppsangervegen på Husnes.

Det har meldt seg 5 som er interesserte i å kjøpa av det tilrettelagde arealet, opplyste Fossheim.
Formannskapet signalisera at dei fann planen interessant og gav positive tilbakemeldingar.

Nokon var skeptiske med omsyn til tilstanden til kaia, som har fått ein relativt hard dom under ein inspeksjon nyleg,
Men det er ein 'annan skål'

Av Ola Matti Mathisen